

# (30) VEGVISAR

Tekst og tone:  
**FREDDIE LANGRIND**

Eg gjekk tur med mitt barnebarn på knapt fire år på  
gruset og steinet veg. Og då skulle naturlegvis eg føre an.

C Em/B Dm E C Em/B

Så gjekk vi på veg - en, den lil - le og eg, og spar - ka i små - stein og

Dm E Fmaj7 Em Fmaj7 Em Fmaj7

7 sing - el. Då syn - te eg li - sja å set - te sitt steg, for eg er jo

C Dm7 G7 F C Dm7 G C

14 knapt no - kon ving - el, for eg er jo knapt no - kon ving - el.

Så gjekk vi på vegen, den lille og eg,  
og sparka i småstein og singel.  
Då synte eg lisja å sette sitt steg,  
:/: for eg er jo knapt nokon vingel. :/:

Vi gjekk der og tusla og tida var vår,  
kvart ord lyder lett der på teigen:  
«Eg kan ikkje følgje den vegen du går,  
:/: min veg, den er her og min eigen.» :/:

Det hender seg sjeldan, men augneblink finst  
då blånen er underleg vida,  
at verda er stor nok ved den som er minst,  
:/: og alt har sitt sete i tida. :/:

Ein leikande tanke, eit ihuga sinn,  
og blussande varm under blusen.  
Ho fann seg ei tese som også ble min,  
:/: og eg fann ein salme i grusen. :/:

